

## Samfunnsansvar i Helse Vest - utgreiing 2024

### Om Helse Vest RHF

Helse Vest RHF er eit av fire regionale helseføretak og direkte underlagt Helse- og omsorgsdepartementet. Helse Vest RHF har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland og Vestland fylke. I samsvar med spesialisthelsetenestelova skal Helse Vest RHF sørge for at personar med fast tilhald eller tilhaldsstad innan helseregionen har tilbod om spesialisthelsetenester. RHF-et sine hovudoppgåver er å sørge for pasientbehandling, opplæring av pasientar og pårørande, utdanning av helsepersonell og forsking.

Helse Vest RHF er eigar av Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF, Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS. I tillegg eig Helse Vest fleire nasjonale helseføretak saman med dei andre regionale helseføretaka, Helse Nord, Helse Midt-Norge og Helse Sør-Øst: Sykehusinnkjøp HF, Sykehusbygg HF, Pasientreiser HF; Luftambulansetjenesten HF og Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF. Dei felleseigde selskapa utfører oppgåver på vegner av dei fire regionane på sine respektive område.

### Korleis Helse Vest RHF arbeider med samfunnsansvarsområdet

Spesialisthelsetenesta har eit omfattande samfunnsansvar som strekkjer seg utover det å levere medisinske tenester av høg kvalitet. Staten stiller både krav og forventningar til at verksemndene dei eigar skal opptre ansvarleg og ha ambisjonar, mål og strategiar for «sosiale forhold», «miljøforhold» og «økonomiske forhold» sjå Eierskapsmeldinga: *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap*, Meld. St. 6 (2022-2023). I tillegg skal styring av verksemda mellom anna følgje prinsipp om risikostyring, openheit og rapportering.

Lov om verksemders openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendig arbeidsforhold (openheitslova) pålegg verksemder å gjennomføre aktsemdsurderingar for områda menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Styra i dei regionale helseføretaka har vedteke eit felles rammeverk for samfunnsansvar, sjå [Spesialisthelsetjenestens rammeverk for samfunnsansvar](#).

Formålet med rammeverket er å klargjere kva rammer/føringar som gjeld for området og korleis spesialisthelsetenesta arbeider med samfunnsansvaret.

Helse Vest RHF har gjennomført aktsemndsvurderingar også på områda som ikkje blir omfatta av openheitslova, men som er område som likevel blir dekte av samfunnsansvaret til Helse Vest RHF. Dette gjeld “miljøforhold” (klima, miljø og natur) og “økonomiske forhold” (anti-korrupsjon). Når det gjeld handtering av likestillings- og diskrimineringsloven, blir dette greidd ut om i ein eigen rapport.

For å vurdere og identifisere risiko relatert til samfunnsansvaret har Helse Vest RHF nytta verktøyet «ansvarlighetskompasset» som er utvikla av OECD (Organisation for Economic Co-operation and Development (organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling)).

Vurdering av risiko for området samfunnsansvar sjåast også i samanheng med anna risikostyring som beskrive i Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest, sjå [Rammeverk for verksemdstyring](#). Helse Vest RHF har også identifisert 5 risikoområde for drifta i stort, som ein ser særleg behov for å følgja opp i føretaksgruppa, sjå [Topp fem risiko - Helse Vest RHF](#).

#### Overordna for samfunnsområdet

Helse Vest er ikkje omfatta av EUs Corporate Sustainability Reporting Directive (CSRD), også kjent som berekraftsdirektivet, som pålegg selskap å utarbeide sine berekraftsrapportar med same kvalitet og prioritet som den finansielle rapporteringa til selskapa. Men Haraldsplass diakonale sykehus, som har avtale med Helse Vest, er omfatta av det nye regelverket. Nyleg blei tidsplanen til EU for innføring av CSRD skyvd på, så første året Haraldsplass må rapportere for rekneskapsåret 2027. Helse Vest følgjer prosessen med CSRD på Haraldsplass med interesse.

Det er utstrekkt samarbeid mellom regionane på samfunnsvarsområdet, og det er etablert eit interregionalt samarbeidsutval for samfunnsansvar (SU) med deltagarar frå kvert regionale helseføretak, eit helseføretak, Sykehusinnkjøp HF, Sykehusbygg HF, konsernverneombod og konserntillitsvald. Leiinga av SU går på

rundgang mellom regionar og i 2024 gjekk leiinga frå Helse Sør-Øst til Helse Vest. SU rapporterer til det nasjonale AD-møte og til styra i dei regional helseføretaka.

Faste tema som SU arbeider med er klimarekneskapen, den nasjonale samfunnsansvarsrapporten og den årlege klima og samfunnsansvarskonferansen. I 2024 har Helse Vest har hatt ansvaret for å koordinere arbeidet med den nasjonale samfunnsansvarsrapporten for 2024: [Rapport for samfunnsansvar 2024 - Helse Vest RHF](#). Rapporten presenterer klimarekneskapen og ein rekke tiltak som helseføretaka gjennomfører for ein meir berekraftig verksemd.

I Helse Vest si utgreiing for samfunnsansvar 2023 blei føreslått tiltak om å gjennomføre ei vesentlegheitsanalyse for heile samfunnsansvarsområdet for å sikre at Helse Vest kjenner sentrale risikoområder og for å kunne prioritere og setje i verk verksame tiltak for ei meir berekraftig utvikling. Helse Vest fant det ikkje hensiktsmessig å gjennomføre ei slik analyse allereie i 2024, hovudsakleg fordi vi ser til kva metodikk som vil egne seg for vår verksemd. Mellom anna gjer Helse Sør-Øst eit arbeid med å gjennomgå all rapportering på samfunnsansvarsområda for å vidareutvikle eigna analyseverktøy for vår verksemd. Helse Vest vurderer at vi likevel fangar opp sentrale risikoområder med verktøy som blir nytta i dag.

### Sosiale forhold

Helse Vest er plikta til å fremje og ta i vare sosiale forhold i sin verksemd. Det inneber ein systematisk tilnærming til menneskerettar, anstendige arbeidsforhold, likestilling, mangfold og samfunnsansvar, som er avgjerande for å sikre ein berekraftig og etisk forsvarleg drift.

For helseføretaket betyr dette at det må vere openheit om korleis verksemda handterer sosiale forhold, både internt og eksternt. Dette inkluderer å sikre at leverandørar og samarbeidspartnarar også overheld høge standardar for menneskerettar og arbeidsforhold.

### Sosiale forhold for medarbeidarar i eigen verksemd

For å sikre berekraftig drift og høg kvalitet i helsetenesta er det vesentleg å ha tilstrekkeleg med fagleg kapasitet og ha strategiar for å behalde og å rekrutttere

medarbeidrar. Dette er eit av Helse Vest sine topp 5 risikoområder. Det er viktig å satsa på eit godt arbeidsmiljø og arbeidsvilkår, føremålstenleg oppgåvedeling, effektiv organisering av arbeidsprosessar, utviklings- og kompetanseplanar, kvalifisere medarbeidrar til nye oppgåver og kompetanseutvikling. Helse Vest vil utvikle eigna indikatorar for området som kan nyttast til oppfølging og god utvikling. Tema er ikkje vidare omtalt i denne rapporten.

### Sosiale forhold i leverandørkjeda

Sjukehusinnkjøp HF gjennomfører i hovudsak alle innkjøp i Helse Vest med unntak av kjøp av private helsetenester. Det er dermed Sjukehusinnkjøp som har ansvaret for å sikre menneskerettar og anstendig arbeidsforhold i leverandørkjeda. Sjukehusinnkjøp HF har vedteke ein policy for samfunnsansvar og gjennomfører aktsemeldsvurderingar for heile leverandørkjeda for dei vare-kategoriene som dei vurderer har høgast risiko. Bilete under viser Sykehusinnkjøp HF sin handlingsplan med prioriterte områder for etisk handel, arbeidslivskriminalitet og miljø og klima:

### **Handlingsplan med prioriterte områder for samfunnsansvar 2023-2025**

Legemidler	Kirurgiske produkter	Medisinske forbruksvarer	Administrasjon	IKT	Bygg og eiendomsdrift	Bygg, prosjekt
Antibiotika	Tverrfaglige kirurgiske produkter	Hygiene og pasientpleie produkter	Reiser - Flyreiser	Infrastruktur - IKT tilbehør - Klienter og skjermer - Mobiltelefon og nettnett - Skytjenester	Facility services - Renholdstjenester	Entreprise - Tømrertjenester
Cellegifter			Pasientreiser - Taxi, turvogn		Entreprenør- og håndverkertjenester - Tømrertjenester - Malertjenester - Grunn-, betong- og stålarkbeid - Demolisjonstjen. - Rørlegging - Elektro- og teleinstallasjoner	- Maling og gulvlegging - Grunn-, betong- og stålarkbeid - Demolisjonstjen. - Rørlegging - Elektro- og teleinstallasjoner
Infusionsvæsker og ernæring	Kardiologi	Operasjon			Kantine- og storhusholdning - Mat og drikke	
Inhalasjoner	Ortopedi	Anestesi			Vaskertjenester - Vask,rens og leie av tekstiler	
					Transport og lager	
<b>Arbeidslivs kriminalitet</b>						
<b>Etisk handel</b>						
<b>Miljø og klima</b>						

For meir info, sjå [Handlingsplan samfunnsansvar 2023-2025 \(sykehusinnkjop.no\)](#), [Forside - Sykehusinnkjøp HF \(sykehusinnkjop.no\)](#) og [Sak 50-2024 Redegjørelse åpenhetsloven 2023](#).

Det er Helse Vest si vurdering at Sykehusinnkjøp HF sine prioriteringar og arbeid med prioriterte områder innanfor samfunnsansvarsområdet er tilstrekkeleg for anskaffingar dei er involverte i.

Når det gjeld kjøp av tenester i byggeprosjekt, rehabilitering eller nybygg, er det Sykehusbygg HF som har ansvaret for aktsemdunderingar og vurdering av risiko i prosjekt der dei er involverte. I bygge- og rehabiliteringsprosjekt som helseføretaka gjennomfører sjølv, må dei sjølv gjennomføre aktsemdunderingane. For meir info, sjå [Forside - Sykehusbygg HF og Aktsomhetsvurdering for Sykehusbygg HF 2024](#).

#### Helse Vest RHF sine kjøp av private helsetenester

Helse Vest RHF gjennomfører kjøp av helsetenester og har ansvaret for aktsemdundering av leverandørane ein inngår avtale med. I tillegg har Helse Vest RHF og helseføretaka ansvaret for å følgje opp den lokale arbeidskrafta i ein nasjonal avtale.

Helse Vest har vurdert at risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er relativt lav hos leverandørar av helsetenester som Helse Vest har avtale med og har derfor ikke gjennomført ei fullstendig aktsemdundering av leverandørane av helsetenester. Det er rutine ved inngåing av nye avtalar å gå gjennom avtalepunktet knytt til "anstendig arbeidsforhold" og «menneskerettar».

#### Avtaler knyttet til levering av tenester i K8

I utgreiinga for 2023 var det eit prioritert risikoområde at Helse Vest hadde inngått avtalar med nye leverandørar om levering av tenester i nytt lokale (K8). Det blei sett som eit risikoreduserande tiltak at RHF-et skulle gjennomføre aktsemdunderingar på eventuelle leverandørar med ny avtale.

Helse Vest RHF har avtale med reingjeringsfirmaet COOR. Firmaet signerer årleg ei eigenerklæring der dei stadfestar ansvar etter openheitslova og at dette er forankra i retningslinjer og styringssystem eller tilsvarende dokument i verksemda. Med bakgrunn i informasjonen som kjem fram i eigenerklæringa vurderer Helse Vest at det ikkje er risiko for brot på menneskerettar eller anstendig arbeidsforhold ved å ha COOR som avtalepart.

I samband med at Helse Vest har flytta inn i nye lokale er det også inngått avtale med Matboden om levering av lunsj for tilsette. Helse Vest har hatt møte med dagleg leiar i Matboden der tema var openheitslova, og korleis Matboden jobbar med "sosiale forhold" i sin bedrift. Med bakgrunn i møtet har Helse Vest vurdert at det er liten risiko for brot på anstendige arbeidsforhold eller menneskerettar i samband med avtalen vi har med Matboden.

Helse Vest har også avtale med Sandnes Pro Service om levering av frukt, og avtale med Møllehagen for stell av plantar. Helse Vest har ikkje gjennomført aktsemduvurdering av desse to leverandørane, fordi RHF-et har vurdert at risikoen for brot på anstendig arbeidsforhold og menneskerettar er låg ved å ha desse aktørane som avtalepartar.

### Kjøp utanfor avtale i Helse Vest

Utgreiinga som blei gjennomført i helseføretaka i 2023 viste at det blir gjennomført ein del kjøp utanfor avtale. Dette blei derfor rekna som eit prioritert risikoområde i 2023, og det blei sett inn risikoreduserande tiltak for å gjere kjøp utanfor avtale vanskelegare og meir synleg.

Innan innkjøpsområdet har det for 2024 blitt gjennomført fleire aktivitetar i tett samarbeid med føretaka. Aktivitetane er prioriterte gjennom ein eigen handlingsplan som har blitt følgt opp via LIBRA Forum Innkjøp.

Det er i 2024 også vedteke ein regional tiltaksplan for innkjøpsområdet. Som ein del av tiltaksplanen er det utarbeidd ulike aktivitetar som er starta opp og som vil følgjast opp framover. Oppfølginga vil skje via Fagnettverk for innkjøp og lager/forsyning.

På innkjøpsområdet er det også etablert eit nytt e-læringskurs for alle godkjennarar (leiarar). Kurset er obligatorisk og skal gi ei innføring i lover og reglar på innkjøpsområdet, inkludert openheitslova.

Det er på noverande tidspunkt for tidleg å vite om det er reduksjon i kjøp utanfor avtale. Helse Vest vil halde fram arbeidet for å hindre kjøp utanfor avtale, og det vil også bli vurdert om det skal setjast i verk fleire aktivitetar.

#### *Oppsummering «sosiale forhold»*

Det er eit risikoområde å behalde og rekruttere tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft i tenesta. Området er definert som eit av Topp 5 risikoområde i Helse Vest [Topp fem risiko - Helse Vest RHF.](#)

Det er fortsett eit risikoområde med kjøp utanfor avtale. Risikoen blir rekna som redusert etter innføring av fleire regionale tiltak. Det er på noverande tidspunkt for tidleg å vite om tiltaka har ført til reduksjon i kjøp utanfor avtale. Tiltaka som er sett i verk er eit kontinuerleg arbeid, og Helse Vest reknar derfor dette framleis som eit risikoområde.

#### *Forslag til tiltak:*

- Tiltak for å behalde og rekruttere medarbeidarar er følgt opp gjennom Topp 5 risiko
- Vidareføre tiltak for å redusere kjøp utanfor avtale

#### *Miljøforhold*

Klimaendringane er ifølgje Verdas helseorganisasjon den største helsetrusselen verda står ovanfor. Helse Vest er forplikta til å fremje og ta i vare miljøforhold i sin verksemd. Det inneber ein systematisk tilnærming til miljøleiing, berekraftig ressursbruk, og reduksjon av klimagassutslepp, som er avgjerande for å sikre ein berekraftig og miljøvennleg drift.

Helseføretaka vurderer og rapporterer på ein rekke miljøindikatorar. Dette inkluderer energiforbruk, avfallshandtering, reiser, forbruk av vann og tiltak for å redusere klimagassutslepp. Helseføretaket skal sikre at alle aktivitetar blir gjennomført med minst mogleg negativ påverknad på miljøet, og at det er system for å handtere eventuelle miljøutfordringar.

For å oppfylle desse krava, har det regionale helseføretaket implementert ein rekke tiltak gjennom fleire år. Mellom anna krav om miljøleiing, utarbeiding av klimarekneskap, indikatorar og rammeverk med føringar for berekraftig ressursbruk. Vidare er det viktig å fremje eit miljøbevisst arbeidsmiljø der alle tilsette er engasjert i å redusere miljøpåverknaden.

#### Redusere overforbruk, meir bruk av fleirgangsutstyr

I 2024 har det særleg blitt arbeid med tematikk knytt til å redusere overforbruk og leggje om til ein meir sirkulær utnytting av ressursar. AD -ane i regionane slutta seg til to nye hovudmål for spesialisthelsetenesta: «Redusere unødvendig forbruk, auke ombruk og materialgjenvinning» og «Berekraftig skjøtsel av natur», sjå [Nye klima- og miljømål i 2024 - Helse Vest RHF](#).

AD-ane slutta seg også til fleire indikatorar som kan vere eit verktøy for å kunne følgje med på utviklinga, mellom anna å redusere forbruk av usterile hanskar med 30 % og redusere forbruk av eingongsvarmejakker i 2025, og fase ut i løpet av 2026, sjå [No ryk eingongsvarmejakkene - Helse Vest RHF](#).

I Helse Vest var tema å auke bruk av fleirgangsutstyr på dagsordenen på regional toppleiarssamling og på regionale samlingar for verneombod og tillitsvalde, sjå [Meir gjenbruk av utstyr i Helse Vest - Helse Vest RHF](#). Leiarane i regionen var positive til ei betre utnytting av ressursane, og eit mål om å bruke fleirgangutstyr der det er mogleg. Tillitsvalde og verneombod ønskjer ei haldningsendring og peika på at ein overgang til fleirgangutstyr bør vere forankra i leiinga.

Helse Vest har utvikla ein digital regional rapport som visar hanskar og eingongsvarmejakker bestilt til lager i kvar eining i alle helseføretaka, sjå [Oppfølging av klima- og miljømål - Power BI](#). På denne måten kan kvar eining følgje med på eige forbruk av desse artiklane.

AD-ane i regionane slutta seg også til å gi eit styringskrav til helseføretaka om å jobbe med å redusere unødvendig forbruk i 2025, mellom anna med å bruke [Tiltaksbanken - Grønt sjukehus](#) som opphaveleg er ein ide frå Helse Førde. Tiltaksbanken føreslår ein del tiltak om å «kutte ut», «bytte ut» og «sortere ut»

diverse varer og utstyr og kan nyttast som ei handbok, for å gjere medarbeidrarar bevisste på eige forbruk i tillegg til å snu drift i meir berekraftig retning.

Meir bruk av fleirgangsutstyr som kan vaskast og brukast igjen er også god beredskap og gjer sjukehusa mindre sårbar for eventuelle brot i forsyningslinja. Helse Vest har i 2024 utarbeidd ein delplan for forsyningsberedskap der målet er å sikre føretaka sine behov for forsyning av forbruksvarer, utstyr og matforsyning med rett kvalitet når det oppstår større /langvarige hendingar.


Totalberedskapskommisjonen slår fast at stabile forsyningar av varer og tenester er avgjerande for å oppretthalde eit velfungerande samfunn (NOU 2023:17). Det bør vere eit mål, også av omsyn til beredskap, å nytte fleirgangsutstyr der det er mogleg og å standardisere og redusere talet på produkt.

### Klimarekneskap

I 2024 har Helse Vest for andre gang fått utarbeidd ein fullstendig klimarekneskap som omgjer bruk av gassar og energikilde, reiseverksemdu, og alt kjøp og forbruk av varer og tenester i sjukehuset til utslepp av karbondioksid ekvivalentar (CO<sub>2</sub>e), sjå [Klimarekneskap](#).

Helse Vest samla har hatt rett i underkant av 325 000 tonn utslepp av CO<sub>2</sub>e. Det direkte utsleppet frå verksemdua (forbruk av gassar, fossilt brensel og energiforbruk) utgjer 23 % av det totale utsleppet, medan det indirekte utsleppet som er alt kjøp og forbruk av varer og tenester, utgjer størsteparten, heile 77 %. Hovudkategoriane for utslepp er forbruk av energi (21 %), medisinsk teknisk utstyr (8%), legemiddel (7%), tenestereise (7%) og IKT (7%), sjå bilde under for inndeling av kategoriar.

## CO2e per hovedkategori



Det er naturleg å sette inn tiltak der utsleppet er størst. Det er derfor stor merksemd knytt til energiforbruk og til innkjøp og forbruk av varer og tenester. For størsteparten av innkjøp er det Sykehusinnkjøp HF som har ansvaret, som vist under kapittel om «Sosiale forhold» har Sykehusinnkjøp utarbeidd ein handlingsplan med prioriterte områder. Anskaffingar innan områder som legemiddel, medisinsk teknisk utstyr, medisinske forbruksvarer, IKT, kantine og reinhald er alle prioriterte for «miljø og klima».

Strategi for digitalisering i Helse Vest blei i 2024 oppdatert med ei strategisk føring relevant for samfunnsansvarsområdet: «IKT, og særleg bruk av KI, må ta hensyn til klima-/miljøeffektene». Føringa indikerer at ein også innan området IKT er medviten om miljøeffektar av verksemda.

Spesialisthelsetenesta har slutta seg til eit mål om 40 % reduksjon av CO2e innan 2030 for følgande faktorar: bruk av gassar, fossilt brensel og oppvarming /nedkjøling (energibehov) og teneste- og pasientreiser. Helse Vest har ei reduksjon på 27 % sidan 2019 når gjenvinningskraft er trekt frå. Utan

gjenvinningskrafta er det om lag inga endring for faktorane samla. Men både Helse Bergen og Helse Fonna har redusert graddagskorrigert energiforbruk per m<sup>2</sup> brutto areal på høvesvis 15 og 11 % sidan 2019. Tenestereise for heile regionen er redusert med 17 % for bil og rett under 10 % for fly, sidan 2019.

For det regionale helseføretaket er det ein markant nedgang i energibruk i nye lokalar i K8, heile 38 % samanlikna med 2019. Når det gjeld flyreiser er det ein nedgang på 30 % sidan 2019, men ein svak auke sidan 2023.

På energiområdet ønsker Helse Vest ein meir målretta prioritering frå helseføretaka og har derfor gitt to styringskrav for 2025 som går ut på å utarbeide ein plan for energitiltak fram mot 2030 og at det årleg skal settast av 15 % av planen sin samla kostnad til gjennomføring av planen.

Det blei identifisert som eit risikoområde i 2023 at Helse Vest manglar tilstrekkeleg kunnskap om korleis vi skal nå hovudmål om 40 % reduksjon av klimagassutslepp innan 2030 og det langsigte målet om å bli klimanøytral innan 2045. Eit tiltak som skulle redusere risiko var å utarbeide utsleppsbanar for korleis ulike tiltak vil åverke framtidig samla CO<sub>2</sub> utslepp.

Helse Sør Øst har utvikla ein metodikk for å berekne utsleppsbanar, alle helseføretaka i Helse Vest har estimert utslepp og data er presentert i portalen for klimarekneskapen, sjå [Utsleppsbanar](#). Det er ein marginal nedgang som er registrert i utsleppsbanane mot 2030 for Helse Vest. Dette skyldast at registrerte tiltak som fører til reduksjon i CO<sub>2</sub>e skal vere godkjende i leiinga i helseføretaka. Det er ikkje stipulert til dømes redusert CO<sub>2</sub>e utslepp på bakgrunn av ei forventa auke i bruk av digitale konsultasjonar, eller andre forventingar som ikkje nødvendigvis er knytt til avgjersler i eit leiarmøte. Utsleppsbanane skal utviklast vidare til å bli meir presise og skal også ta inn fleire type tiltak.

## Natur

For å minimera påverknaden på naturmangfaldet, skal spesialisthelsetenesta ta omsyn til miljøet og implementera tiltak som reduserer utslepp av farlege kjemikalier og medisinar, og sorgje for at dei ikkje øydelegg vegeterte og naturlege område.

Klimaendringane vi står ovanfor skapar utfordringar, og dette krev tiltak og tilpassa vedlikehald som hindrar alvorlege klimarelaterte skadar.

Spesialisthelsetenesta må vurdere eigen robustheit overfor endringar i klima som kan påverke våre bygg og tenester.

Naturrisiko er faren for negative konsekvensar for aktørar og samfunn ved tap og degradering av natur og naturmangfald i stort. Det kan vere klimaendringar, men også endringar gjennom arealendringar (til dømes bygging av sjukehus), forureining eller utslepp (til dømes kjemikaliar) som på ulikt vis utsett verksemder for fysisk naturrisiko. Ei verksemd si eksponering for fysisk naturrisiko er særleg knytt til deira avhengigkeit av natur.

I april 2024 slutta AD-ane i regionane seg til eitt nytt hovudmål om «berekräftig skjøtsel av natur til nytte for plante- og dyreliv og til glede for pasientar tilsette og pårørande». Målet skal signalisere at spesialisthelsetenesta tar i vare ansvaret for å vurdere naturen, både korleis naturen påverkar verksemda og korleis verksemda påverkar naturen.

Indikator for målet er at helseføretaka og dei felles eigde selskapa gjennomfører ein risikovurdering relatert til natur i løpet av 2025. Risikovurderingar relatert til natur bør ses i samanheng med annan risikotenking kjent for føretaka og prosessen bør involvere bredt og mot relevante fagmiljø, mellom anna beredskap.

I 2024 har Helse Vest utarbeidd ein regional modul for risikovurdering i det elektroniske avvikshandteringssystemet «Synergi». Helseføretaka er oppfordra til å nytte den regionale modulen til naturrisikovurderinga.

Å vurdere naturrisiko er eit relativt umodent og lite systematisk område i helseføretaka, men det finst nokre tiltak som har som formål å ta i vare naturmangfaldet. Mellom anna finst grøne områder og grøne tak for å fremja biomangfald, kartlegging av utslepp til vatn av farlege kjemikaliar og byggjeprosjekt som nyttar «Standard for klima og miljø i sykehusprosjekt».

Eit av fire hovudmål i «Standard for klima og miljø i sykehusprosjekt» er at det ikkje skal veljast lokalisering av nye sjukehus som er ugunstig for klima- og miljø (klimafotavtrykk, ekstremvær og lokalmiljø). Standarden beskriv mellom anna at

lokalisering av tomt til byggjeprosjekt skal sikra artsmangfald og skapa gode utsperre for lokalmiljøet og ha naturbasert avrenning. Byggjeprosessen skal vere miljøvennleg og redusere luftforureining lokalt og forhindra akutte utslepp til jord eller vatn. Eit nytt sjukehusbygg kan også ha stor indirekte innverknad på naturområde gjennom eventuelle nye transportårar til bil og kollektiv transport, moment som også bør takast omsyn til i vurderinga av lokalisering av bygg. Arbeidet med revisjon av «Standard for klima og miljø i sykehusprosjekt» starta i 2024 og er forventa ferdig i 2025.

Regional beredskapsplan og tilhøyrande delplanar på utvalde område bygger på sårbarheits analyser. Naturhendingar er identifisert som ein av årsakene som kan medføre "svikt i kritisk infrastruktur", der konsekvensen kan vere bortfall av straum, vann og IKT. I beredskapsarbeid så vil sannsyn for svikt i kritisk infrastruktur auke når klima blir verre.

I 2024 har det blitt utarbeidd ein eigen beredskapsplan for bortfall av IKT. Det har også blitt gjennomført ei kartlegging av svikt i kritisk infrastruktur i helseføretaka, varigheit på beredskap i sjukehusa, kva sjukehusa veit om kva som vil fungere og kva som ikkje vil fungere. Kartlegginga viste store skilnader mellom helseføretaka. Det er nyttig at helseføretaka kjenner status hos seg sjølv og kan redusere risiko.

"FylkesRos", risiko- og sårbarheitsanalyse i fylket gitt ut av direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, blir brukt av helseføretaka. FylkesRos blir nytta av fleire sentrale aktørar i same område og skal danna ei felles plattform for å førebyggja uønskte hendingar og styrke samordninga av det regionale arbeidet med beredskap og krisehandtering.

I 2024 blei det gjennomført ein kartlegging av tilstandsgrad for eigedomane i Helse Vest, ei kartlegging som skjer kvart fjerde år. På landsbasis hadde Helse Vest dei beste resultata med ei samla tilstandsgrad på 1, 29. I Helse Vest er det eit mål at samla tilstandsgrad skal vere 1, 2 eller betre. Der er heilt sentralt å ha bygg som er tilpassa sjukehusdrift og at bygga har ein akseptabel standard, elles vil kjerneverksemda kunne bli påverka negativt.

#### *Oppsummering «miljøforhold»*

Det er fortsett eit risikoområde at Helse Vest RHF ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om korleis verksemda skal nå både hovudmål om 40 % reduksjon av direkte klimagassutslepp innan 2030 og langsiktig mål om å bli klimanøytral innan 2045.

Det er også fortsett eit risikoområde at spesialisthelsetenesta ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om naturrisiko i vår verksemd, og det er vurdert til å vere eit umode område. Helse Vest RHF nyttar ikkje anerkjende standardar for rapportering av naturrisiko.

#### *Forslag til tiltak:*

- Arbeidet med utsleppsbaner skal vidareførast og fleire tiltak skal leggast inn.
- Helseføretaka skal utarbeide ein plan for energitiltak fram mot 2030 og årleg sette av 15 % av planen sin samla kostand til gjennomføring av tiltaka
- Helseføretaka skal utarbeide ein langsiktig plan for energitiltak fram mot 2030. Planen skal innehalde tiltak og kostnadsanslag. Helseføretaket skal årleg avsette 15 % av planen sin samla kostnad til gjennomføring av tiltaka
- Helseføretaka skal gjennomføre ein risikovurdering relatert til natur i løpet av 2025. Helseføretaka er oppfordra til å nytte ny risikomodul i Synergi

#### *Økonomiske forhold*

Helse Vest RHF arbeider systematisk for å førebygge økonomisk kriminalitet som korruption og kvitvasking i eiga verksemd og i leverandørkjeda. Dette inkluderer etablering av retningslinjer, system og tiltak for å hindre økonomisk misferd. Gjennom å få ei betre forståing for kvar risikoen er størst, kan helseføretaket implementere meir målretta kontrollmekanismar.

Antikorrupsjonsarbeidet i Helse Vest RHF inneber også å bygge medvit og forståing for temaet i organisasjonen ved opplæring av tilsette om temaet, og dessutan å fremje ein kultur basert på respekt og open kommunikasjon.

Helse Vest RHF har eit overordna rammeverk for samfunnsansvar, rammeverk for verksemdstyring, etiske retningslinjer og varslingskanal som ligg til grunn for

førebygging av økonomisk kriminalitet og anti-korrupsjon. Når det gjeld økonomisk kriminalitet, har helseføretaka rutinar for fakturakontroll der fleire godkjenner utbetaling.

I 2023 vart det inngått nye samarbeidsavtalar mellom alle helseføretaka i Noreg og legemiddelindustrien (LMI) og Melanor (utstyrleverandører). Avtalane skal mellom anna bidra til felles normer for samarbeidet og sikra openheit og ryddigkeit i samhandlinga. Nytt for 2024 er at alle helseføretaka har fått ein kontaktperson knytt til samarbeidsavtalen mellom Melanor og LMI for å bedre dialogen mellom partene. Det har i tillegg vorte gjort tilgjengeleg eit e-læringskurs om temaet.

Medarbeidarundersøkinga «Forbetrin» kartlegg spørsmål om tryggleikslima. Resultata frå 2024 viser at det er høg gjennomsnittskår i RHF-et på spørsmål om det opplevast trygt å seie frå om kritikkverdige forhold (84 %). Også i føretaksgruppa er det høg skar på spørsmålet (82 %).

I utgreiinga av samfunnsansvar i fjar vart det identifisert som eit risikoområde at kunnskap om korleis antikorrupsjon er relevant i vår verksemd truleg er for lite kjend og tiltaket var å gjennomføra dilemmatrening i RHF-et. Fleire helseføretak identifiserte også manglande kjennskap til korruption som eit risikoområde.

#### *Oppsummering «økonomiske forhold»*

Helse Vest har gode rutinar for førebygging av økonomisk kriminalitet i rekneskap og fakturahandtering. Antikorrupsjonsarbeid bør gjennomførast jamleg for å forbyggja misleghald og korruption.

Antikorrupsjon er et kontinuerleg arbeid, og Helse Vest reknar derfor dette framleis som eit risikoområde.

#### *Forslag til tiltak:*

- Risikovurderingar, opplæring og dilemmatrening knytt til korruption bør bli gjennomført minimum ein gang annakvart år.

#### *Oppsummering prioriterte risikoområder 2025*

Prioriterte risikoområde 2025		
Tema	Risikoområde	Riskoreduserande tiltak

Sosiale forhold - Eigne medarbeid arar	Å behalde og rekruttere tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft i tenesta. Området er definert som eit av Topp fem risikoområde i Helse Vest <a href="#">Topp fem risiko - Helse Vest RHF</a> .	Området blir fulgt opp gjennom arbeidet med Topp fem risiko
Sosiale forhold - Leverandør ar	Kjøp utanfor avtale. Risikoen blir rekna som redusert etter innføring av fleire regionale tiltak.	Det er i 2023/2024 sett i verk fleire tiltak som skal minimere risikoen for kjøp utanfor avtale.
Miljøforhol d Klimafotavtrykk	Manglar tilstrekkeleg kunnskap om korleis vi skal nå hovudmål om 40 % reduksjon av direkte klimagassutslepp innan 2030 og langsigtnig mål om å bli klimanøytral innan 2045	Arbeidet med utsleppsbaner skal vidareførast og fleire tiltak skal leggast inn.  Helseføretaka skal utarbeide ein plan for energitiltak fram mot 2030 og årleg sette av 15 % av planen sin samla kostand til gjennomføring
Miljøforhol d Natur	Spesialisthelsetenesta har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om naturrisiko i vår verksemd og det er vurdert til å vere eit umodent område.  Vi nyttar ikkje anerkjende standardar for rapportering av naturrisiko.	Helseføretaka skal gjennomføre ein risikovurdering relatert til natur i løpet av 2025. Helseføretaka er oppfordra til å nytte ny risikomodul i Synergi
Økonomisk e forhold - Anti-korrupsjon	Helse Vest jobbar kontinuerleg med antikorrupsjonsarbeid, og reknar det derfor framleis som eit risikoområde.	Risikovurderingar, opplæring og dilemmatrening knytt til korruption blir gjennomført minimum ein gong annakvart år.

